



Gloppen kommune

Møteprotokoll

Utval	Formannskapet
Møtestad	Kommunestyresalen
Dato	11.03.2026
Tid	Kl. 09:00 - 12:30

Følgjande medleamar møtte	Frå
Arnar Hans Kvernevik	AP
Hege Lothe	SV
Jan Ove Rygg (p)	H
Karoline Aldis Bjerkeset	SP
Per Jarle Myklebust	SP
Per Ståle Husevåg	KRF
Ragne Mari Røed Kandal	KRF
Reidar Moldestad	H

Forfall/møtte ikkje	Frå	Følgjande varamedlem møtte	Frå
Mariel Eikeset Koren	MDG	Kristin Sælen	AP

Andre som møtte

Anders Skipenes, kommunedirektør i alle saker
Benedicte Moritsgård Refvik, økonomisjef i alle saker
Geir Liavåg Strand, organisasjonssjef i alle saker
Odd Arne Kolseth, prosjektleiar ved eigedomsavdelinga i sakene 017/26 og 018/26
Per Arne Strand, kommunalsjef oppvekst i sak 017/26
Torbjørn Brandsæter, Kommunalsjef samfunn og berekraft i alle saker

Underskrifter

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
012/26	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
013/26	Referat og orienteringssaker
1	Orientering om parkering i kommunesenteret
2	Godkjenning av forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå
3	Løypemelding - årsrekneskapen 2025
014/26	Budsjettendringar 2026
015/26	Gardsbrenneriet AS søker om ordinært salsløyve for Industrivegen 12
016/26	Gardsbrenneriet AS søker om ordinært skjenkeløyve for Industrivegen 12
017/26	Nye Hyen skule - sluttrapportering
018/26	Lokaler til legesenter og familiehuset - Orientering om prosess og vidare framdrift (UO, jfr Kommuneloven §11-5 3. ledd pkt b, jfr Offl. § 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1. ledd nr. 2)

012/26: Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste

Ordføreren si tilråding:

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 26. november 2025
2. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 15. desember 2025
3. Formannskapet godkjenner møteboka frå sist møte 28. januar 2026
4. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Tilrådinga frå ordføreren vart samrøystes vedteken.

FOR- 012/26 Vedtak

1. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 26. november 2025
2. Formannskapet godkjenner møteboka frå møtet 15. desember 2025
3. Formannskapet godkjenner møteboka frå sist møte 28. januar 2026
4. Formannskapet godkjenner innkallinga og saklista til dette møtet.

Vedtaket var samrøystes.

013/26: Referat og orienteringssaker

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Kommunedirektøren v/kommunalsjef Torbjørn Brandsæter orienterte om parkering.

Kommunedirektøren v/organisasjonssjef Geir Liavåg Strand orienterte om vertskommune innan arkiv.

Kommunedirektøren v/økonomisjef Benedicte Moritsgård Refvik orienterte om årsrekneskapen 2025.

Ordet fritt

Reidar Moldestad (H) spurte om tomtetilgang til kommunale bustadfelt og bandlegging av areal i Byrkjelo Aust.

FOR- 013/26 Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

1: Orientering om parkering i kommunesenteret

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunen har fleire roller knytt til parkeringstilbodet i kommunen. Kommunen er grunneigar, planmynde, byggesaksmynde og samfunnsutviklar, men kommunens handlingsrom og mynde er likevel ganske begrenset.

Dei store parkeringsplassane på Sandane er eigd av fem forskjellige grunneigarar der parkeringsplassane er knytt til eigarane sine bygg. Dei største er FICO AS, Sandane handelseigedom AS, Olav Eikenæs AS, Fjordium Property AS og Gloppen kommune. Kartet på siste side i saka viser ein omtrentleg oversikt over eigarane. Gloppen kommune eig parkeringsplassane markert i lilla.

Parkeringsordning er regulert av parkeringsforskrifta. Det er Statens vegvesen som er tilsynsmynde og skal sikre at vilkårsparkering drives og handhevast i samsvar med forskrifta. Parkeringsforskrifta stiller ein rekke krav til skilting, handheving, organisering og registrering i parkeringsregisteret.

Parkeringsforskrifta skil mellom parkering langs offentleg veg og parkering på avgrensa område. Langs offentleg er det mellom anna berre kommunen som kan handheve avgiftsparkering jamfør § 7. På avgrensa område står grunneigar fritt til å krevje parkeringsavgift og kommunen har ikkje mynde til å nekte eller tillate parkeringsordning.

Innføring av parkeringsordning er ikkje søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova, men det kan være nødvendig å gjennomføre søknadspliktige tiltak for å få til praktisk handheving som til dømes skilt, bommer, gjerder eller endring av avkøyrslar. Plan- og bygningslova gir ikkje heimel til å krevje eller nekte parkeringsordning gjennom reguleringsplan, men reguleringsplanane i sentrum stiller krav til parkeringsdekning knytt til utbyggingar.

Kommunen har ikkje fått direkte henvending frå Fico AS med førespurnad om felles parkeringsordning på Sandane, men det har vore noko dialog mellom dei største eigarane. Parkering og parkeringsordning ble trekt fram i parallelloppdraget i forarbeidet til områdereguleringsplanen for Sandane sentrum. Kommunen kan som samfunnsutviklar eller som grunneigar av parkeringsareal ta ein meir aktiv rolle og oppfordre til ein felles parkeringsordning eller liknande, men kommunedirektøren har fram til nå vurdert at dette er utanfor oppdraget gitt av kommunestyret. Det er og eit initiativ som også kan takast av Gloppen næringsorganisasjon eller butikkgruppa.

Kommunen er ein av eigarane i Firda billag som er deleigar i FICO AS. FICO AS eig ein stor andel av dei opparbeidde parkeringsplassane i sentrum. Dersom kommunestyret ønskjer at kommunen skal nytte sin eigarposisjon for å påverka FICO AS gjennom Firda Billag, kan kommunen gjere det gjennom sin representant til generalforsamlinga, Jan Ove Rygg.

Kommunen eig om lag 120 parkeringsplassar i Sandane sentrum inkludert den kommunale delen av parkeringa ved Stil-stova. Det er da ikkje rekna med parkeringsplassane ved skulane og trivselshagen. Kommunen har tilstrekkeleg areal til sine tilsette og tenestebilar i sentrum på dei kommunalt eigde parkeringsplassane. Tilsette og besøkande til familiehuset og legesenteret på Grandane disponerer parkeringsarealet ved Grandane. Dette er ikkje eksplisitt omtalt i leigeavtalen med Sandane handelseigedom, men låg til grunn da leigeavtalen ble inngått.



Andre kommunar


Sogndal kommune vedtok i 2010 at all offentlig parkering i Sogndal sentrum skal være avgiftsbelagt. Kommunen oppgir på sin heimeside at «Pengane frå parkeringsordninga går til drifta, samt trafikk-, miljø- og trivselstiltak i sentrum som t.d. sentrumsparken». I Sogndal organiserast parkeringsavgifta av kommunen også på private areal og kommunen har tilsette parkeringsvakter. Som besøkande vil man ikkje finne gratis parkering i Sogndal sentrum. I Sogndal må man betale frå første time og det er mogleg å kjøpe langtidsparkering for 6 månadar eller eit år.

I Førde sentrum har det i løpet av dei siste åra blitt innført betalt parkering på mange areal. Det er fleire forskjellige system og dei fleste plassane er det gratis dei første to eller tre timane. Sunnfjord kommunestyre gjorde følgjande vedtak i juni 2025

Sunnfjord kommune etablerer ei eiga parkeringsordning basert på følgjande element:

1. Innføre avgiftsparkering på fleire kommunale parkeringsplasser. Dette gjeld vest for Møbelringen, Hafstadvegen (dagens parkeringsplass), sør for rådhuset og langs offentlege gater, i alt omlag 150 parkeringsplassar.
2. Etablere vilkårsarkering der kommunen får mynde til å kontrollere og handheve parkering i offentlege gater.
3. Opprette eit felles parkeringsforum for alle som tilbyr betalingsarkering i sentrum for å sikre brukarvenlege løysingar.

Sunnfjord kommune driftar avgiftsparkering ved kommunehuset i Førde sør og er i prosess med å få mynde til handheving av vilkårsarkering i offentlege gater.



Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Karoline Bjerkeset (Sp) tok opp sin habilitet då ho er gift med styremedlem i Firda Billag as. Det vart samrøystes vedteke at Karoline vart inhabil etter §6c i Forvaltningslova. Vedtaket frå Samfunnsutvalet vart referert. Det vart semje om at ordføraren utformar eit brev til aktørane. Brevet vert lagt fram for kommunestyret til veka.

FOR- 1 Vedtak

Ordføraren utformar eit brev til aktørane. Brevet vert lagt fram for kommunestyret til veka.

2: Godkjenning av forsøk om administrativt vertskommunesamarbeid på tvers av kommunale nivå

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

FOR- 2 Vedtak

3: Løypemelding - årsrekneskapen 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering.

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken

FOR- 3 Vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

014/26: Budsjettendringar 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek følgande budsjettendringar:

Budsjettoverføringar frå 2025 til 2026 – Investering:

Beskriving	Frå 2025	Til 2026
Investeringar i varige driftsmidler	- 10 522 362	10 522 362
84022 - L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering	- 1 900 000	1 900 000
82003 - L - Uteanlegg oppvekst	- 292 444	292 444
35350 - L - Sjølvkost - Avløp	- 1 000 000	1 000 000
81001 - L - Køyretøy og ladepunkt	- 1 500 000	1 500 000
84008 - L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg	- 362 945	362 945
83001 - L - Brannførebygging i formålsbygg	- 1 937 124	1 937 124
83011 - L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse	- 700 000	700 000
82004 - L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst	- 358 258	358 258
84015 - L - Trafikktryggingstiltak (eigenandel til søknad om midlar)	- 466 000	466 000
84032 - P - Ombyggingar i Åsavegen (personal - bueiningar)	- 803 898	803 898
81008 - P - Konsulenttenester ved realisering av kommunen sine verdier	- 500 000	500 000
84034 - P - Full avfallssortering i kommunale foremålsbygg	- 280 586	280 586
84004 - P - Brannsikring i kommunale bueinigar	- 253 607	253 607
33380 - P - Utskrifting av klippeutstyr	- 167 500	167 500
Finansiering	10 522 362 -	10 522 362
Kompensasjon for merverdiavgift	1 604 472 -	1 604 472
Bruk av lån	8 917 890 -	8 917 890

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 014/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek følgjande budsjettendringar:

Budsjettoverføringar frå 2025 til 2026 – Investering:

Beskriving	Frå 2025	Til 2026
Investeringar i varige driftsmidler	- 10 522 362	10 522 362
84022 - L - Vegutbetring - Sikringstiltak, bruer, rekkverk, asfaltering	- 1 900 000	1 900 000
82003 - L - Uteanlegg oppvekst	- 292 444	292 444
35350 - L - Sjølvkost - Avløp	- 1 000 000	1 000 000
81001 - L - Køyretøy og ladepunkt	- 1 500 000	1 500 000
84008 - L - Energibesparande tiltak - Formålsbygg	- 362 945	362 945
83001 - L - Brannførebygging i formålsbygg	- 1 937 124	1 937 124
83011 - L - Investeringar i inventar og utstyr - Helse	- 700 000	700 000
82004 - L - Ombyggingar og investeringar i bygg - Helse og oppvekst	- 358 258	358 258
84015 - L - Trafikktryggingstiltak (eigenandel til søknad om midlar)	- 466 000	466 000
84032 - P - Ombyggingar i Åsavegen (personal - bueiningar)	- 803 898	803 898
81008 - P - Konsulenttenester ved realisering av kommunen sine verdier	- 500 000	500 000
84034 - P - Full avfallssortering i kommunale foremålsbygg	- 280 586	280 586
84004 - P - Brannsikring i kommunale bueinigar	- 253 607	253 607
33380 - P - Utskrifting av klippeutstyr	- 167 500	167 500
Finansiering	10 522 362 -	10 522 362
Kompensasjon for merverdiavgift	1 604 472 -	1 604 472
Bruk av lån	8 917 890 -	8 917 890

015/26: Gardsbrenneriet AS søker om ordinært salsløyve for Industrivegen 12

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta.

Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industrivegen 12.

Tildelt salsløyve fylgjer dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 04.03.2026

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt salsløyve føl dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.
Vedtak samrøystes.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 009/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt salsløyve føl dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.
Vedtak samrøystes.

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

FOR- 015/26 Vedtak

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine som inkluderer sal av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for sal av eigenprodusert drikk i lokalet og erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært salsløyve for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt salsløyve føl dei ordinære opningstidene i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kvardagar kl 09.00 – 20.00
- Laurdagar og dagar før helgedagar kl 09.00 – 18.00

Styrar av salsløyvet er Synnøve Vik Bergstad med Jann Vestby som varastyrar.
Vedtak var samrøystes.

016/26: Gardsbrenneriet AS søker om ordinært skjenkeløyve for Industrivegen 12

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve følgjande normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak som innstilling frå Helse- og oppvekstutvalet - 04.03.2026

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve følgjande normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak samrøystes.

Helse- og oppvekstutvalet 04.03.2026:

Behandling

HEOP- 010/26 Vedtak

Helse- og oppvekstutvalet støttar kommunedirektøren si tilråding og ber formannskapet gjere slikt vedtak:

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå

denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve føl normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak samrøystes.

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Innstillinga frå Helse- og oppvekstutvalet vart samrøystes vedteken.

FOR- 016/26 Vedtak

Formannskapet viser til søkjar sitt ønske om å gje eit utvida tilbod til gjestene sine ved å tilby skjenk av drikk frå andre produsentar i tillegg til løyvet dei alt har. Vidare viser kommunedirektøren til at dei har tilvirkningsløyve for skjenking av eigenprodusert drikk i lokalet med den erfaring dei har frå denne drifta. Gardsbrenneriet AS får innvilga søknaden om ordinært skjenkeløyve i gr. 1, 2 og 3 for lokalet i Industivegen 12.

Tildelt skjenkeløyve føl normaltida for skjenking i ruspolitisk plan for Gloppen:

- Kl 08.00 – 01.00 søndag - torsdag
- Kl 08.00 – 02.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Normaltida for skjenking av brennevin er:

- Kl 13.00 – 24.00 søndag - torsdag
- Kl 13.00 – 01.00 fredag og laurdag, og dagar før skiftande helge- og høgtidsdagar

Styrar av skjenkeløyvet er Frida Jarlsby med Jann Vestby som varastyrar.

Vedtak var samrøystes.

017/26: Nye Hyen skule - sluttrapportering

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret tek saka til orientering.

Formannskapet 11.03.2026:

Behandling

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FOR- 017/26 Vedtak

Kommunestyret tek saka til orientering.

Vedtaket var samrøystes.